



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.:
22/5944 - 24/20077 / HEDY

Dykkar ref.:

Dato:
17.04.2024

Akvakulturområde Silda- søknad om utviding av lokalitet 39577

Viser til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS søker om løyve til auke i biomasse på lokalitetnr 39577 ved Silda. Lokaliteten er i dag godkjent for 2340 tonn, og denne vert søkt utvida til 3120 tonn. Arealet på lokaliteten vert ikkje endra.

Søknaden er kunngjort etter akvakulturlova og lagt ut til offentleg ettersyn etter i tidsrommet 01.03.2024-05.04.2024.

Merknadar til søknaden oppsummert

Det er kome to merknader til søknaden, desse er vedlagt. Begge merknadane er kome inn innan fristen.

Rolf Frøysa viser i sin merknad motteke på epost datert 04.03.2024, at det er naturinteresser i området som vil bli negativt påverka av ei utviding av biomassen i oppdrettsanlegget, då han meiner at utvidinga vil føre til vesentleg auke i forureining.

Sogn og Fjordane Småfiskerlag viser i sin merknad datert 18.03.2024 til at dei er negative til auke i biomassen ved anlegget. Som grunngjeving for dette viser dei mellom anna til følgjande:

- Raudt lys for oppdrettsnæringa i område Nordhordaland – Stad.
- Vekst i oppdrettsnæringa må skje på fisken og naturen sine premissar, det gjer den ikkje i dag.
- Utviding av oppdrettsvolumet må ikkje skje før næringa kan dokumentere god nok kunnskap, betra fiskehelse og fiskevelferd, og at lyset for oppdrettsnæringa i området har gått frå raudt til grønt.
- Det er dokumentert korallforekomstar ved og rundt lokaliteten. Det er og andre korallforekomstar i nærområdet som kan få påverknad av anlegget. Vest, sørvest og sør for Flatholmen er eit kjent område med korallar.
- Det er lokal motstand mot anlegget på denne lokaliteten.
- Auke i biomassen vil auke forureining frå anlegget.
- Auke i biomasse vil føre til auke i rømmingsfare og påverknad på villaks.


Planstatus

I gjeldande kommuneplan for Vågsøy, vedteken 27.11.2002, planID 1439200007 er området avsett til framtidig akvakulturområde. Området er føreslege vidareført i framlegg til ny kommuneplan som har vore på høyring, men har motteke negative innspel på grunn av naturinteressene. Dette gjer at kan bli vurdert endringar før vedtak av planen.

Naturverdiar

Vassførekomsten i området har kjemisk tilstand dårlig og økologisk tilstand er moderat. Dette gjer område risikoutsett ved auke i forureining. Det er registrert område med større tareskogførekomst vest i område avsett til akvakultur, markert med brunt omriss på kartskisse. Nord og aust for området er det større område med skjelsand, sjå grått omriss. Brune kryss markerer område med arter av nasjonal forvaltningsinteresse, her er det registrert førekomst av koralltypen sjøtre.

Om lag 300 m nord for området avsett til akvakultur ligg Sildekruna naturreservat for hekkande sjøfugl, sjå skravur på kartutsnittet.



Konklusjon

Tilbakemeldingane som er kome inn til kommunen går på forhold som gjer seg gjeldande ved drift. Med bakgrunn i det ovenståande ber kommunen om at ein tar omsyn til innspela når anlegget er i drift, då auka biomasse kan ha negativ innverknad på naturverdiane i området.

Helsing

Leni Marie Lisæter
plansjef

Heidi Dyrøy
arealplanleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Rolf Eivind Frøysa
Sogn Og Fjordane
Småfiskerlag

Sjøgata 40
c/o Ottar Nygård
Pernesvegen 23

6700
6717
MÅLØY
FLATRAKET

Vedlegg

Merknad til søknad om utviding av oppdrettsanlegget på Silda
Protest - Blom fiskeoppdrett sin søknad om økt biomasse på anlegg Silda
Følgjeskriv

Mottakar

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

KØP!